

Birgitta Brodd:

*Ärkebiskop Erling Eidem i kyrkostrid och världskrig: En studie i förhållningssättet till Tyskland under andra världskriget med beaktande av de svensk-engelska kyrkorelationerna 1933–1945 belyst genom tre utrikesdepartement. Acta Universitatis Upsaliensis – Studia historico-ecclesiastica Upsaliensia 50*  
Uppsala: Uppsala Universitet 2017

Hallgeir Elstad

Dette er Birgitta Brodds doktoravhandling i kyrkehistorie. Disputasen fann stad ved Uppsala universitet 19. desember 2017. Studien fokuserer på den svenske erkebiskopen Erling Eidem (1880–1972) og handlingsmåten hans i utanriksspørsmål under den tyske kyrkjekampen og den andre verdenskrigen.

Eidem har vorte kritisert for ei tyskvenleg og passiv haldning i mellomkrigstida og under krigen. Birgitta Brodd gjer det klart at ho med denne avhandlinga freistar å endre dette negative biletet av han. I motsetnad til tidlegare forskning tek ho utgangspunkt i ein analyse av Eidems teologi. Før han vart erkebiskop, var han nytestamentleg professor, og Brodd godtgjer at det eksegetiske arbeidet med Paulus var med på å motivere handlemåten hans som erkebiskop. Særleg gjaldt dette synet på det einskilde individet og relasjonen til samfunnet, samt tolkinga av toregimentslæra.

Eidems arbeidsmåte karakteriserer Brodd som personalistisk. Han verka først og fremst gjennom eit «stille» diplomati, dvs. privat brevveksling og samtalar med menneske under fire auge. Ut frå si tolking av den lutherske toregimentslæra var det eit prinsipp for han ikkje å uttale seg offentleg i politiske spørsmål. Kyrkja skulle ikkje på nokon måte gripe inn i det verdslege regimente.

Avhandlinga syner at Eidem snøgt vart kritisk til Hitler-regimets handsaming av jødane. Alt i 1933 var han som leiar av Svenska Ekumeniska Nämnden med på å uttale sitt «djupa bekymmer i anledning av den antisemittiska aktionen i Ert land» overfor den tyske evangeliske kyrkja. Same året hadde Eidem eit personlig møte med riksbiskop Müller der han protesterte mot innføringa av ariarparagrafen.

Eidem gjorde elles kjend haldninga si til antisemittismen gjennom brevveksling og møte

med andre tyske kyrkjeleiarar. «Jag försummar ej heller något tillfälle när jag träffar någon tysk kyrkoman, att uttala min sorg och min gensaga mot detta okristliga förfarande», heiter det i eit brev (s. 244).

Eidem fekk til og med eit møte med Hitler 2. mai 1934. Overfor Hitler peika han på at han frykta at den tyske evangeliske kyrkja skulle bli heilt isolert, og han sa seg lei for ariarparagrafen sin påverknad på kyrkja. Men han sa òg at han såg seg som det tyske folket og den tyske kyrkja sin ven. Eidem opplevde møtet som «ett komplett misslyckande» (s. 269).

Overfor den tyske kyrkjeleiinga kom Eidem til å gje tydeleg uttrykk for at sympatiane i Svenska kyrkan og i det svenske folket støtta den tyske anti-nazistiske vedkjenningskyrkja. Personleg tok Eidem samstundes avstand frå den tyske rikskyrkja. I utgangspunktet håpa han at det skulle vere mogleg med endring og forsoning innanfor den tyske kyrkjekampen. Men etter kvart innsåg han at den tyske rikskyrkja var ufråvikeleg bunden saman med nasjonalsosialismen. Dette var synspunkt som han mellom anna møtte gjennom den økumeniske rørsla. Si eiga overtyding kunngjorde han ikkje offentleg, men gjennom personlege kanalar.

Eit vesentleg punkt som blir drøfta avhandlinga, er Eidems engasjement i det nazi-infierte Lutherakademiet i Sondershausen (Thüringen), eit engasjement han har vorte sterkt kritisert for. Han var med ved skipinga i 1932 og stod som leiar frå 1934 og heilt fram til 1943. Sjølv etter at han braut med den tyske rikskyrkja i 1936 – noko han aldri gjorde kjend offentleg –, heldt han fram som leiar for akademiet. Han motiverte deltakinga med at det gav høve for framleis kontakt med dei tyske «trosbröderna». Som leiar la Eidem vekt på at verksemda i Sondershausen hadde økumenisk karakter og ikkje skulle ha noko med den tyske kyrkjekampen og nazismen å gjere. Dette synte seg sjølv sagt å vere ein illusjon. Her burde Eidem, innrømmer Brodd, ha teke konsekvensen av det han visste, nemleg at ingen kyrkjeleg institusjon i Tyskland var upåverka av nazismen. Mykje talar for at den svenske erkebiskopen vart utnytta av det nazistiske propagandaapparatet. Men Brodd avviser at Eidem vart ståande som leiar for Lutherakademiet fordi han hadde nazistiske sympatiar.

Eit viktig grunnlag for at Eidem ikkje ønskte å blande seg i politikk og ikkje kome med offentlege fråsegner som gjorde at han kunne takast til inntekt for eit bestemt politisk syn, var tolkinga av den lutherske toregimentslæra. Dette innebar at Eidem offentleg ikkje ville ta stilling mellom England og Tyskland. Målet hans var fred og forsoning mellom folka, samstundes som han slutta opp om regjeringa si politiske linje i utanrikspolitiske spørsmål. I staden framheva erkebiskopen at alle nasjonar hadde ei felles skuld for den vanskelege verdssituasjonen. Rett før krigsutbrotet, 26. august 1939, kom han med eit «maningsord i allvarstid» i svensk radio:

Den djupaste roten till det osägligt svåra som hotar, ligger i själviskheten bland människor och folk. Och i den är vi alla, var och en, medskyldiga. Den världsomfattande ofärd som kan komma är en dömande avslöjare av själviskhetens makt inom oss och i vårt förhållande till våra medmänniskor (s. 337).

Gjennom å hevde at alle var medskuldige, unngjekk erkebiskopen å framføre det han oppfatta som eit politisk bodskap i strid med toregimentslæra. I ein annan samanheng uttala han at begge partar, både vestmaktene og Tyskland, bar på stor skuld (s. 344).

Å nytte generelle uttrykksmåtar var elles karakteristisk for korleis Eidem vende seg til allmenta.

Avhandlinga peikar på at etter 1942, då Tysklands krigslukke snudde, tok Eidem i større grad til å uttale seg tydelegare også i allmenta. Dette var òg i tråd med endringar i haldninga til Sveriges regjering. I februar 1942 kom dei svenske biskopane med eit bodskap til kyrkjelydane. Her vart det åndelege fellesskapet mellom Nordens folk streka under (s. 352). I november same år tok erkebiskop Eidem initiativ til ein protest mot handsaminga av dei norske jødane. Bispemøtets adventsbodskap vart lese i alle kyrkjene i landet 2. desember:

Med gruvelse och fasa förspörjer vi i dessa sista dagar huru ett okristligt rashat, vilket så som en dödbringande smitta gått fram över olika länder på jorden, nu tagit sig uttryck i upprörande våldshandlingar också här tätt intill oss, på vår egen skandinaviska halvö (s. 381).

Etter kvart byrja ein å sjå fram mot freden. I ein radiotale i 1943 streka Eidem under retten og kjærleiken som vesentleg for kyrkja å medverke til. Ein måtte vinne fram til ein verkeleg fred som gjaldt alle. Framleis la han ikkje skulda på nokon bestemt part. Han var overtydd om at Svenska kyrkan kunne få ei stor oppgåve som fredsstiftar og brubyggjar etter freden. Dette måtte då skje på grunnlag av den svenske nøytraliteten.

Ei innvending mot avhandlinga er at det kan vere problematisk å gå til eit historisk arbeid med ein agenda om å endre eit eksisterande bilete av ein historisk person. Er ikkje det strengt teke eit normativt prosjekt som vanskeleg høyrer heime i eit historisk arbeid? Kan det ikkje med ein slik føresetnad ligge ein freisting til å tolke kjeldene slik at dei «passar» til det målet som er definert på førehand? Eg klagar ikkje Brodd for faktisk å gjere dette, men vil på generelt grunnlag peike på at det kan vere ein viss risiko knytt til å ha denne typen klart definert målsetnad for ei vitskapleg avhandling.

Stilen i avhandlinga er omstendeleg. Det kunne med fordel vore gjort nokre innstramingar somme stader. Dessutan finst det ein god del gjentakningar som burde vore luka ut. Ein ting når det gjeld den norske kyrkjekampen: Brodd syner til dei norske biskopane sitt «hyrdebrev» til kyrkjelydane i februar 1941 og skriv at biskopane ved det høvet la ned embeta sine (s. 348). Det er som kjend ikkje rett. Det var i februar året etter at dei norske biskopane la ned embeta – og prestane følgde opp i april same år.

Denne avhandlinga er eit grundig arbeid tufta på eit mykje omfattande kjeldemateriale. Slutningane som blir gjort, er velgrunna. Eidem synte ei tydeleg varsemnd i offentleg samanheng. Men han lét ikkje vere å ta stilling. Dette ser ein ikkje minst når det gjeld handsaminga av jødane, der han tidleg stilte seg kritisk til naziregimets handlingar.